



Lindås Rør & Sanitær AS  
Burkhovdane 1  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 16/3724 - 18/24486

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
16.08.2018

## Dispensasjon og løyve til etablering av avløpsanlegg - gbnr 145/34 Fosse Indre

### Administrativt vedtak. Saknr: 410/18

Tiltakshavar: Ingrid Orvedal  
Ansvarleg søker: Lindås Rør & Sanitær AS  
Søknadstype: Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (tbl.) § 19-1  
Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av avløpsanlegg for eksisterande bustad.

Anlegget omfattar slamavskiljar og utsleppsleidning til sjø ført ut på 20 meter djupne med lodd på sjøleidningen.

Det er gjeve utsleppsløyve den 27.03.2018 i administrativt vedtak med saknr 149/18.

Eitt av vilkåra i vedtaket er at eigedomen skal knytast til offentleg avløpsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

Det vert elles vist til søknad om løyve til tiltak motteken 24.06.2017 og søknad om dispensasjon motteken 26.03.2018.



### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søker ved brev av 24.08.2017, 26.10.2017 og 20.03.2018. Dokumentasjon vart motteken ved e-post frå ansvarleg søker 26.03.2018. Då var søknaden komplett og sakshandsamingsfristen er i utgangspunktet 12 veker frå denne datoен. Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å venta på løyve frå Bergen og omland havnevesen (frå 28.03 til 27.06). Fristen er 17.09.2018.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som byggeområde for bustad. Det er krav om reguleringsplan i byggeområde. Anlegget er difor avhengig av dispensasjon før det kan gjevast løyve til etablering av anlegget etter plan- og bygningslova. I sjø er legging

av leidningar i samsvar med plan. Det er meldt oppstart av regulringsplan for området i 2010, men det er ikkje lagt fram noko framlegg til plan.



## Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå krav om utarbeiding av reguleringsplan og byggegrensa mot sjø.  
Dispensasjonssøknaden er vedlagt

#### **Uttale frå anna styresmakt**

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klageurdering.

#### **Handsaming etter anna lovverk**

Bergen og omland havnevesen har gjeve løyve til legging av sjøleidning i sitt vedtak etter hamnelova, datert 27.06.2018, med vilkår om at det skal takast omsyn til fiskeriinteressene.

#### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

#### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan motteken 24.06.2017.

#### **Vatn og avløp (VA)**

Det er søkt om og gjeve løyve til tilknyting til kommunalt vatn 26.07.2017.

Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve 27.03.2018 i administrativt vedtak med saknr 149/18.Utsleppsløyve gjeld slamavskiljar med tett leidning til sjø til 20 m djupne.

#### **Tilkomst, avkørsle og parkering**

Ingen endringar.

#### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

#### **Avfallshandtering**

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### **VURDERING**

##### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsynslova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at tiltaket gjeld oppgradering av avløpsanlegget til ein eksisterande bustad og vil medføra ei betydeleg miljøforbetring. Omsøkte avløpsleidning, som er av mindre storleik, skal gravast ned på land og i strandsona i sjøen. Tiltaket er av mindre omfang og terrenget vil verta reetablert.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå kommuneplanen sitt krav om utarbeiding av reguleringsplan og frå byggegrensa mot sjø er oppfylt.

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### **Privatretslege tilhøve**

Heile anlegget ligg på eiga tomt til det går ut i sjøen.

#### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg sokjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen si byggegrense og frå krav om reguleringsplan for etablering av avløpsanlegg på gbnr 145/34.**

**Dispensasjonsvedtaket skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løye i eitt trinn for etablering av avløpsanlegg på følgjande vilkår:**

1. **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteken 24.06.2017, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
2. **Avløpsanlegget skal utførst i samsvar med vilkåra i utsleppsløyvet i administrativt vedtak saksnr. 404/18, datert 14.08.18.**

**Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:**

**Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/3724**

**Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

**Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

**Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

**Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon - gbnr145/34 Fosse indre  
Kart

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Ingrid Orvedal	Skarsvegen 276	5911	ALVERSUND
Ingrid Orvedal	Skarsvegen 276	5911	ALVERSUND

**Mottakarar:**

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1      5914

ISDALSTØ